

Styremøte i Venelaget Olav H. Hauge 4.11. 2016 i Haugesenteret, Ulvik

Til stades:

Olav Ljones, Astrid Kløve-Graue, Magne Velure, Marit Hafting og Sjur Tjelmeland.

Frå det avtroppende styret møtte Randi Jåstad og Audun Lødemel. Guro Ljone og Geir Netland deltok frå Haugesenteret.

Kasserar Anders Kr. Opheim kom til siste halvparten av møtet og orienterte om nokre praktiske ting, økonomi m.m.

Dette var føre på møtet:

Orientering frå Randi Jåstad og Audun Lødemel i det avtroppende styret om poesifestivalen. Å søkja om tilskot til arrangement er ein viktig del av arrangementet. Difor er det svært nyttig å vera medlem i Folkeakademiet.

Årsmøtet 2016 vedtok at styret skal greia ut samarbeidet med Haugesenteret, og dette vart drøfta, til dels saman med leiinga av Haugesenteret.

Venelagsheftet på papir eller web? Inntil vidare skal heftet koma ut i papirutgåve, men òg vera tilgjengeleg på nettet. Styret kan spørja om nokon av medlemene vil ha heftet berre i digital utgåve, og slik spara pengar på trykking og porto. Heimesida bør bli betre, like eins Facebook-sida, som bør oppdaterast meir og mindre dagleg.

Magne tek over medlemsarkivet og undersøkjer om det kan kjøpast tenester for å halda lista oppdatert.

Geir Netland orienterte om Haugesenteret. Senteret har starta arbeidet med ein bibliografi over alt som er skrive om Olav H. Hauge. Arbeidet skal vera ferdig i 2018. Han ønskjer eit meir forpliktande samarbeid med venelaget, det er mange praktiske oppgåver som skal utførast på poesifestivalen.

Frå 2018 skal senteret oppretta ein ny pris - eit stipend – til diktarar under 40 år som gjev ut lyrikk.

Olav ønskjer at Amboltprisen skal løftast til ein nasjonal pris som betyr noko.

Guro understreka at samarbeidet mellom venelaget og Haugesenteret er positivt både for poesifestivalen og venelaget.

Sjur tok på seg å vera redaktør for det komande venelagsheftet. Marit tek seg av distribusjonen. Anders skaffar oppdatert adresseliste.

Honorar til skribentar i venelaget skal vera som før.

Olav vart vald til medlem av styret for Haugestiftinga. Marit er vararepresentant.

Neste møte: På Voss 7. februar 2017 i Avisa Hordaland sine lokale kl. 10.00.

